KOPI

Austrheim Kommune
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Referansar:	Sakshandsamar:	Dato:
Dykkar:	Svein Arne Vågane	04.10.2023
Vår: 23/1702 - 23/77223	svein.arne.vagane@alver.kommune.no	

Spørsmål om endring av vegbygging gbnr 156/12 og 24 i Austrheim kommune

Landbruksforvaltninga i Alver, Austrheim, Fedje og Modalen syner til dykkar søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 156, bnr. 12 og 24 i Austrheim. Vidare vert det synt til synfaring tidlegare i år. På synfaringa vart endra trasé av vegen/nedkorting av denne drøfta. Vi har òg rådd til at du kjøper teneste hjå person med fagleg kompetanse både innan fag-felta veg og miljø for å utforme søknaden. Etter dette kan vi ikkje sjå å ha høyrt noko frå deg og torer be om at du gjev skrifteleg attendemelding på dette om du vil gå vidare med saka og at du eventuelt sender ny søknad til oss.

Vi legg for ordens skuld ved fråsegn/referat frå synfaringa 10.05.23 frå Statsforvaltaren. Vi rår til at du set deg godt inn i innhaldet av dette brevet, før du gjev attendemelding.

Fram til vi høyrer frå deg, vert saka lagt på «vent» frå vår side.

Dette til orientering.

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Uttale - landbruksveg - gbnr 156/12 og 156/24 Austrheim
AcosSvarInn.xml

Kopi til:

Austrheim Kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM

Mottakarar:

Odd Haugen	5943	Austrheim